

Føre Var

Rustrendkartlegging Stord kommune

Haust 2014

Cecilie Berger, Bjarte Epland og John Henrik Staveland-Sæter



Hovudfunn:

- Aukande alkoholbruk
- Periodevis auke i bruk av og tilgang på heroin
- Aukande bruk av Lyrica
- Auke i bruk av og tilgang på Xanor

Innhald

Kva er Førre Var	side 3
Kjelder	side 4
Behandling av data	side 5
Funn haust 2014	side 6
Oppsummering	side 11
Appendiks	side 12
Hjartans takk	side 14
Litteratur	side 14

Kva er Føre Var?

Føre Var er systematisk overvaking av rustrendar i Stord kommune. Systemet er utarbeidd av Stiftelsen Bergensklinikkene (Kompetansesenter rus - region vest Bergen), og er blitt brukt i Stord kommune sidan 2005. Gjennom Føre Var er me i stand til å gje ein rask og påliteleg identifikasjon, overvaking og rapportering av lokale trendar og tendensar når det gjeld rusmiddelbruk. Hovudmålet med denne typen rapportering, er å forkorta tidsspennet frå nye rusmiddelrendar oppstår ute i miljøa, til informasjonen om dette når fagmiljøet i kommunen. På den måten kan ein jobba meir målretta ved å vera betre førebudd i arbeidet med rusrelaterte problem. For å forkorta dette tidsspennet, er det viktig at Føre Var blir gjennomført regelmessig. Utekontakten har sidan 2005/06 utgitt to rapportar i året. Denne rapporten er eit samarbeid mellom SLT og Utekontakten i Stord kommune.

Nokre av rusmidla me rapporterar om blir ikkje eigentleg definert som rusmiddel, men er medisinar som kan misbrukast. Difor er også denne bruken interessant for Føre Var. Funna i denne rapporten er baserte på data frå april til september 2014. Eventuell auke og nedgang reknar me ut frå perioden før, frå oktober 2013 til mars 2014, for å få fram tendensar innan rusmiddelbruken på Stord. Når det gjeld alkohol, har me valt å også samanlikna med sesong, då me veit at årstid spelar inn i bruksmønsteret for alkohol.

Målsetjing

Målsetjinga for Føre Var i Stord kommune er å innhenta pålitelege og oppdaterte data om rusvanar innan ulike miljø. Det me ynskjer å kartleggja er:

- Bruk av nye rusmiddel
- Endringar i bruk av etablerte rusmiddel
- Endring i tilgang på ulike rusmiddel

Fordelar med Føre Var


Det fins mykje kunnskap om den lokale russituasjonen blant ulike instansar og personar i kommunen. Mykje av denne kunnskapen er ofte "låst", då det ikkje er noko system for å dela denne informasjonen. Ved å samla og systematisera denne informasjonen, og få den inn i eit heilskapeleg bilete, kan ein betre vera føre var. Når ein får fram relevant informasjon på eit tidleg tidspunkt, kan fagfolk gjera evidensbaserte vedtak, og raskare setja i gong meir effektive tiltak.

Framgangsmåte

Det er Utekontakten og SLT-koordinator i Stord kommune som har gjennomført undersøkinga og som står bak denne rapporten. Me har samla inn kvalitative og kvantitative data, dvs. data frå salsstatistikkar, beslagsdata og informasjon frå eit handplukka trendpanel. Opplysningane me har fått, er analysert og kvalitetssikra ved å samanlikna, og gje ulik vekting på ulike kjelder (sjå Appendiks, s. 12-13).

Kjelder

Fig. 1 kjeldeoversikt



”Trendpanel” kallar me dei personane me får informasjon frå innan tre ulike arenaer i Stordsamfunnet; profesjonelle, uteliv og miljø. Med arena miljø meiner me personar i miljø der rus tidleg blir oppdaga og/ eller brukt. Uteliv består av personar som jobbar i/driv utestadar, og med god kjennskap til utelivsarenaen. Den profesjonelle arena består av fagfolk som jobbar innan eller i tett kontakt med rusfeltet her på Stord.

Trendpanelet består denne gong av til saman 23 personar. Desse personane har vore plukka ut med tanke på deira ”ekspertkunnskap” frå innsida av rusmiljø i kommunen både når det gjeld brukstendar og tilgang. Informantane som utgjer trendpanelet er anonymiserte i rapporten. Me har nytta både spørjeskjema, fokusgrupper og ein-til-ein-intervju i innhentinga av data frå trendpanelet.

Ei anna viktig kjelde i Føre Var er statistiske data. Dette er data som blir innhenta og rapportert regelmessig. For å kunna bruka denne informasjonen, må data vera tilgjengelege, nøyaktige, relevante og kunna rapportera innan vår rapporteringstid. Me har i denne rapporten brukt 14 kjelder for statistiske data:

- Tollvesenet - tal på og storleik på beslag
- Politiet - drukkenskapsarrestar og promillekøyring
- Stord kommune – tal på skjenkeløyve og utsalsstader
- Tre lokale apotek – salstal utvalde medikament, sprøyter og kanylar
- Vinmonopolet - salstal frå Stord
- Alkoholsal frå to serveringsstadar
- Salstal for alkohol frå tre daglegvarebutikkar
- Oppslag i pressa, frå nettavisene til Bladet Sunnhordland og Haugesunds Avis

Behandling av data

Nesten ingen av datakjeldene som blir brukt til rapporten er direkte samanliknbare. Men det er nyttig å plassera dei ved sida av kvarandre for å prøva å sjå mønster, samanhengar og motsetnader. Dei ulike kjeldene er vekta ulikt på bakgrunn av at me meiner nokre kjelder gjev eit meir korrekt bilete på det faktiske livet enn andre. Vinmonopolet og daglegvarebutikkane er til dømes vekta høgt i høve til det å kunna gje indikasjonar på bruksmønster av alkohol (for nærare detaljar sjå Appendiks, s. 12-13).

Dei statistiske data frå både Politiet, Tollvesenet og apoteka inneheld relativt små tal og må difor tolkast med varsemd. Stord er ein forholdsvis liten stad, og tala vil vera små frå desse kjeldene. Få personar vil kunne ha stor innverknad på statistikkane. Om til dømes eit medikament blir skriva ut i større mengder til eit par personar, vil dette kunna gjera store utslag i apotektala. På same måte kan få personar gå igjen i Politiet sine tal. Vidare vil talet på Politiet og Tollvesenet sine beslag variera i høve til bemanning, aktivitet og satsingsområde.

Funn frå media ser me på som mindre pålitelege i høve bruk og tilgang på ulike stoff, og desse er følgjeleg lågt vekta. Me trur likevel at desse funna kan vera med å gje ein indikasjon på endringar, og har difor valt å teke dei med.

Sjølv om tala me får frå dei ulike kjeldene kan vera både små og til tider sensitive, ser me det som interessant å bruka alle desse data. Samla kan dei vera med på å gje et bilete av korleis situasjonen er.



Funn haust 2014

- **Aukande alkoholbruk**

Alkoholsalet og bruk av alkohol svingar frå sommar- til vintersesong. Me har gjennom Føre Var-rapporteringa sett ein tendens til at det blir selt og konsumert meir alkohol i sommarhalvåret samanlikna med vinterhalvåret. Difor ser me det som naturleg å samanlikna sesong mot sesong i tillegg til periode mot periode når det gjeld alkohol.

Alkohol er det rusmiddelet som flest nemner som mest brukt, til dels også innanfor miljø der illegale rusmiddel er nytta. Alkohol er også ofte nemnt brukt i kombinasjon med dei fleste andre rusmiddel og medikament som me kartlegg, mellom anna cannabis, amfetamin, kokain og benzodiazepiner.

Trendpanelet melder om gradvis aukande bruk av alkohol den siste perioden, men inga endring i tilgang. Utestadane me har salstal frå rapporterer svært ulikt når ein samanliknar med førre sesong. Medan den eine har sterk auke, har den andre sterk nedgang i alkoholsal. Ser ein sommarperioden mot førre vinter, ser me som venta ei auke hos alle salskjeldene. Daglegvarebutikkane sine tal visar altså ei auke frå vinter mot sommar, og frå ein av tre butikkar også auke samanlikna med førre sommarsesong. Vinmonopolet sine tal visar ei gradvis auke både for periode og sesong.

Tollvesenet har hatt færre og mindre alkoholbeslag siste perioden, men ei større mengd enn førre sommarhalvår. Talet på beslag har vore stabilt.

Talet på ordensforstyrringar har siste sommar auka samanlikna med både førre sommar og med vinterhalvåret før. For køyring i påverka tilstand er det ein liten auke sett mot førre periode, men ein liten nedgang samanlikna med førre sommar, i følgje tal frå Politiet. Talet på oppslag om alkohol i media har gått ned siste halvår.

Talet på skjenkebevillingar og salsløyve for alkohol i butikk som Stord kommune har denne perioden halde seg stabilt. Per oktober 2014 er her 13 skjenkeløyve og 12 salsløyve for butikk.

Trendpanelet rapporterer om ei mengd helsemessige og sosiale vanskar knytt til alkoholkonsum. Fysisk forfall, depresjon og angst, isolasjon og relasjonsproblem, vald, ulukker, økonomiske problem og alkoholdemens er nokre av dei negative konsekvensane omfattande alkoholbruk kan føre med seg.

• Periodevis auke i bruk av og tilgang på heroin

Heroin er eit stoff som høyrer til gruppa opioider. Gruppa opioider inkluderer stoff som er direkte utvunne frå opiumsvalmuen, variantar av desse stoffa, eller kunstig framstilte stoff med tilsvarande verknad. Heroin er eit halvsyntetisk opioid fordi det ikkje finst i naturleg tilstand, men blir framstilt av morfin, som er eit naturleg opiat (Øiseth, Kjeldsen og Sundvoll, 2008).

Eit fleirtal av dei i trenpanelet som kjenner til heroinbruk på Stord, rapporterer om gradvis eller sterk auke. Fleire peikar på at det her er snakk om periodevis auke i bruk, og at tilgangen på heroin har variert. Det er viktig å understreke at det er relativt få personar som har rapportert om kjennskap til heroinbruk, og at tendensen om periodevis auke må tolkast med varsemd.

Kallenamn på heroin denne perioden er: minus, ned, brunt, stein, smekk, hest, steintyrker, thai og kløpulver.

Prisen for eit gram heroin ligg på mellom 600,- og 700,-

Smittfare, dårleg hygiene, store sår, betennelse og kriminalitet er nokre av dei helsemessige og sosiale konsekvensane som blir nemnt som følgje av heroinbruk.

Det har ikkje vore lokale medieoppslag som omhandlar heroin i denne perioden.

• Aukande bruk av Lyrica

Lyrica tilhøyrer ei gruppe legemiddel som blir brukt for å behandle epilepsi, nevropatisk smerte og generalisert angstliding, men blir også brukt illegalt for å framkalle rusverknad (www.felleskatalogen.no).

I 2013 fekk me rapportar om at Lyrica var eit medikament som fleire i trendpanelet hadde høyrte om. Våren 2014 var det framleis nokre kjelder som rapporterte om bruk av og tilgang på Lyrica, og fleire nemnte Lyrica som eit nytt rusmiddel. Også i Bergen var auke i bruk av Lyrica trekt fram i Føre Var-rapporten for hausten 2013.

I denne perioden melder eit fleirtal av kjeldene våre i trenpanelet om kjennskap til bruk av Lyrica. Samla sett rapporterer trendpanelet om ei sterk auke i bruken av Lyrica samanlikna med våren 2014. Når det gjeld tilgang på Lyrica melder trendpanelet om lita eller inga endring.

Det har ikkje vore beslag av Lyrica på Stord i denne perioden i fylgje beslagsdata frå Tollvesenet.

Prisen for ein tablett Lyrica (300 mg) er 100,-.

Kallenamn som blir brukt på Lyrica denne perioden er: lyrikk, forsterker, tørrfylla, lyra og kapsel.

Lyrica blir brukt i kombinasjon med andre rusmiddel, som alkohol, cannabis og benzodiazepiner.

• Auke i bruk av og tilgang på Xanor

Xanor er eit legemiddel innan gruppa benzodiazepiner, med verkestoffet alprazolam. Medikamentet verkar dempande på sentralnervesystemet, og vert føreskrive ved panikkangstsymptom (www.felleskatalogen.no). I ein del andre land er legemiddel med verkestoffet alprazolam kjent som Xanax.

Våren 2014 rapporterte me om auke i den illegale bruken av Xanor på Stord. Også i denne perioden er auke i bruk av og tilgang på Xanor eit hovudfunn. Eit fleirtal av dei i trendpanelet som kjenner til illegal bruk av Xanor rapporterar om sterk auke i denne perioden samanlikna med førre periode. Det blir samla sett også rapportert om ei gradvis auke i tilgangen på Xanor. Kjelder i trenpanelet hevdar at legane var meir restriktive i samband med føreskriving av Xanor tidlegare, men at det no er fleire som får det utskrive.

Salstal frå apoteka syner at eit apotek har hatt sterk auke i salet av Xanor, medan eit apotek har sterk nedgang i salet. For det siste apoteket er det lite eller inga endring.

Beslagsdata frå Tollvesenet syner at mengda beslaglagt Xanor har auka, samanlikna med førre periode. Det er her likevel snakk om få beslag, og inga endring i talet på beslag.

Xanor blir ofte brukt i kombinasjon med andre rusmiddel, som til dømes alkohol, cannabis, metadon, Lyrica, eller i kombinasjon med buprenorfin, Rivotril og Sobril.

Kallenamn som blir brukt på Xanor i denne perioden er: U94, stolpe, ufo, x'ara, benzo

Prisen for 2mg ligg på mellom 50 og 100 kroner.

• Andre medikament og rusmiddel

For dei fleste andre rusmiddel enn dei me har presentert som hovudfunn er situasjonen relativt stabil. For fleire av rusmidla me registrerar har me lite talmateriale. Me har derfor valt å ikkje presentere nokre av desse i rapporten, sjølv om trendpanelet kan melde om endring. Me vil likevel nemne nokre av rusmidla som me tidlegare har rapportert om, eller som me ser har hatt ein endring i brukstrend og tilgang:

- **Nedgang i bruk av syntetiske cannabinoidar**

Syntetiske cannabinoidar er ei stor gruppe relativt nye rusmiddel. Det er kjemiske stoff som er laga for å etterlikne verknaden til organisk cannabis (Røed Bilgrei og Bretteville-Jensen 2013).

Syntetiske cannabinoidar gir ein rus som liknar cannabisrus, men effekten er sterkare. Syntetiske cannabinoidar inneheld ikkje tetrahydrocannabinol (THC), som er det viktigaste psykoaktive stoffet i naturlege cannabisprodukt. Syntetiske cannabinoidar kan medføre alvorlege og potensielt livstruande tilstandar som krev rask legehjelp (www.fhi.no).

I denne perioden ser me samla sett ein nedgang i bruk av syntetiske cannabinoidar på Stord. Det er framleis relativt få i trendpanelet som kjenner til bruk av syntetiske cannabinoidar. Eit fleirtal av dei som kjenner til denne bruken melder om nedgang i denne perioden. Kjelder i trendpanelet hevdar at fleire peikar på at syntetiske cannabinoidar er lite ettertrakta.

Det har ikkje vore beslag av syntetiske cannabinoidar på Stord i denne perioden, i fylgje beslagsdata frå Tollvesenet.

Kallenamn som blir brukt på syntetiske cannabinoidar i denne perioden er: krydder, kjemisk hasj, Zynt og krystall.

Prisen for eit gram varierar mellom 700 og 1000 kroner.

- **Framleis aukande amfetaminbruk**

Amfetamin og metamfetamin er sentralstimulerande stoff, noko som inneber undertrykt søvnbehov og stimulering av hjarte- og karsystemet (www.fhi.no). Gjennom Føre Var har me rapportert om ein aukande brukstrend for amfetamin sidan me starta trendkartlegginga,

sjølv om bruken av dette rusmiddelet i kortare periodar ser ut til å ha flata noko ut.

I denne perioden rapporterar me samla sett om ei lita auke i amfetaminbruken. Det er hovudsakleg trendpanelet vårt som melder om aukande bruk samanlikna med førre periode. Når det gjeld tilgangen på amfetamin melder trendpanelet om lita eller inga endring. Det var litt vanskelegare å få tak i amfetamin på forsommaren, men tilgangen ser no ut til å vere høgare igjen, i fylgje kjelder i trendpanelet.

Det har vore nedgang i mengde beslaglagt amfetamin i denne perioden samanlikna med førre periode. Dette går fram av tal frå Tollvesenet. Det har vore få beslag i denne perioden, noko som fører til nedgang også i talet på beslag. Her er det snakk om små tal.

Det har vore nokre få medieoppslag lokalt som omhandlar amfetamin. Samanlikna med førre periode er det ein oppgang i talet på oppslag, men her er det snakk om små tal.

Amfetamin og metamfetamin blir brukt i kombinasjon med andre rusmiddel, som buprenorfin, cannabis, alkohol og anabole steroider.

I denne perioden blir mellom anna desse kallenamna brukt om amfetamin: opp, pluss, vokne vokne, kvitt, fart, amf, speed, pluss, rock, guff, joggesko, knips, kashmir og makka.

For ein kvarting kostar det no ca. 200 kroner. For eit halvt gram kostar det 300 kroner og for eit gram 500 kroner. For ti gram kostar det om lag 2000 kroner.

Infeksjonar, utslett og sår, dårleg tannhelse og psykosar, blir nemnt som sosiale og helsemessige konsekvensar av amfetaminbruk.

- **Auke i bruk av kokain**

Kokain er eit kraftig sentralstimulerande stoff, som me rapporterte om aukande bruk av i førre rapport. Også i denne perioden ser me ein aukande brukstrend. Her er det likevel snakk om eit lite talmateriale, og det er fleire som ikkje kjenner til kokainbruk i det heile på Stord.

I trendpanelet melder nokre om auke, medan nokre melder om lita eller inga endring. Samla sett rapporterar trendpanelet om gradvis auke i denne perioden. Kjelder i trendpanelet har nemnt kokain som nytt rusmiddel på Stord i denne perioden, eller at rusmiddelet igjen har blitt observert.

Cola blir brukt som kallenamn på kokain i denne perioden.

Prisen for eit gram kokain varierer mellom 800 og 1500 kroner.

- **Aukande bruk av Rivotril**

Rivotril er eit legemiddel med verkestoffet klonazepam. Rivotril blir brukt illegalt som rusmiddel fordi det mellom anna vil kunne forsterke effekten av opioidar og alkohol. Me har fleire gongar tidlegare rapportert om auke i den illegale bruken av Rivotril på Stord. Våren 2014 melde trendpanelet vårt om ein gradvis auke,

medan det samla sett var snakk om små endringar i både bruk og tilgang.

I denne perioden melder trendpanelet igjen om sterk auke i bruk av Rivotril. Det er særleg personar med kjennskap til miljøarenaen som melder om auke. Samla sett melder trendpanelet om lita endring i tilgangen på Rivotril.

Tal frå apoteka syner lita endring i salet av Rivotril. Hos det eine apoteket er det lita eller inga endring, medan det hos to apotek er ein gradvis nedgang.

Beslagsdata frå Tollvesenet syner at det har vore få beslag av Rivotril i denne perioden, men ein liten auke samanlikna med førre periode, då det ikkje var beslag.

Det blir brukt fleire kallenamn om Rivotril i denne perioden. Nokre av desse er: riv(ara), kryssar(a) eller slit(ara)

Prisen for ein tablett Rivotril er 30 kroner, eller tre for hundre kroner. For 6 mg kostar det 100 kroner. For 100 2 mg-tablettar kostar det mellom 1200 og 1600 kroner.

Rivotril blir brukt i kombinasjon med andre rusmiddel eller medikament som kan framkalle rusverknad, som til dømes buprenorfin, cannabis, Xanor og Sobril.

Oppsummering

Føre Var- rapport nummer 18 frå Utekontakten og SLT i Stord kommune kjem i litt forenkla utgåve denne gong, i tråd med innsparingar me vert pålagde. Innholdsmessig står me for same kvalitet som tidlegare, ei rustrendkartlegging kvalitetssikra av Korus Vest, Bergensklinikkene.

Hovudfunna for Føre Var no i haust er auke i alkoholbruk og periodevis auke for heroin, samt auke i illegal bruk av medikamenta Xanor og Lyrica. Alkoholten har svinga gjennom alle åra me har kartlagd med Føre Var. Me ser likevel i dag høgare salstal frå Vinmonopolet enn då me starta kartlegginga for ni år sidan. For daglegvarebutikkane og utestadane har tala variert, men samla sett ser ein ikkje særleg endring. Heroin har me tidlegare meldt nedgang for. Ein har kunna ane ein samanheng med auke i LAR- pasientar og denne nedgangen. Auken for LAR- behandling held fram. At me no ser ei auke i heroin likevel, kan ha samanheng med tilgang på stoffet, eller minka tilgang på substitutt- medikament.

Både våren og hausten 2014 har me rapportert om auke i den illegale bruken av Xanor. I denne perioden har også tilgangen på Xanor vore aukande, i fylgje kjeldene våre. Også når det gjeld Lyrica har me sett ein aukande tendens i bruk, medan tilgangen blir rapportert å vere meir stabil.

Situasjonen er i hovudsak stabil for dei fleste andre medikament og rusmiddel enn dei me har presentert som hovudfunn. Me har i denne rapporten likevel peika på at det har vore ein nedgang i bruken av syntetiske cannabinoidar på Stord. I denne perioden har me også meldt om framleis aukande amfetaminbruk. I fylgje trendpanelet vårt har også bruken av Rivotril og kokain vore aukande.

Gjennom ni år har Føre Var Stord kunne visa oss trendar for bruk og tilgang på ulike rusmiddel i kommunen. Me vil i løpet av det neste året kartleggja i kva grad Føre Var- rapportane blir brukte av fagfolk, politikarar og andre interesserte. Me håpar de tek dykk tid til å svare, dersom de får spørsmål om å bidra til denne kartlegginga.

Me vil til slutt takke alle som har bidrege med informasjon og data til Føre Var!

Appendiks

Tabell 1: Samanfating av statistiske data, informasjon frå trendpanel og media i høve til rustrendar (verdiane frå førre periode i parentes).

	Vitus Leirvik apotek	Apotek 1 Stord	Apotek 1 Heiane	Toll Mengde	Toll Beslag	Samsø/Stilleto	Osvald	Renna Heiane	Renna Bjelland	Måtroken	Media	Vinmonopolet	Trendpanel Brukstreng	Trendpanel Tilgang
Alkohol				5 (1)	3 (3)	1 (5)	2 (5)	1 (5)	1 (5)	1 (5)	5 (1)	2 (3)	2 (3)	3 (3)
Cannabis				1 (5)	2* (4*)						2 (3)		2 (2)	5 (3)
Synt. cannabinoider				4* (2*)	3* (3*)								4 (4*)	3 (3*)
LSD													2*	3*
Amfetamin/Metamf.				5 (2*)	4* (2*)						2* (4*)		1 (1)	3 (1)
Kokain											2*		2 (1)	3 (3)
Ecstasy				5 (2*)	2* (3*)						4* (2*)		2 (3)	3 (3)
Heroin											3* (3*)		1 (3)	2 (3)
Subutex	3 (3)	3 (3)		4* (1)	3* (3*)						3* (3*)		3 (3)	3 (3)
Suboxone	4 (5)	2 (4)	5 (1)										3 (3)	3 (3)
Metadon	3 (5)	3 (5)	3 (5)								3*		3 (5)	3 (3)
Temgesic	1 (3)	1 (4)	2 (1)										3* (3)	3* (3)
Dolcontin	4 (4)	2 (1)	4 (4)										3 (3)	3 (3)
Dopingmidlar				3 (3)	3* (3*)						4* (2*)		3 (3)	3 (3)
GHB/GBL				3* (3*)	3* (3*)								3* (4)	3* (4)
Rivotril	3 (3)	4 (4)	4 (3)	2* (4*)	3* (3*)						3* (3*)		1 (2)	3 (3)
Valium	3 (3)	3 (3)	3 (3)	4* (2*)	3* (3*)								2 (3)	3 (3)
Vival	3 (3)	3 (3)	3 (3)										3* (2)	3 (3)
Sobril	3 (4)	3 (3)	3 (3)	5 (5)	4* (2*)								2 (3)	3 (3)
Stesolid	4 (3)	3 (3)	4 (3)										2* (3)	3 (3)
Flunitrazepam	5 (2*)	2* (4*)	4* (2*)								3* (3*)		2* (3)	3 (3)
Xanor	1 (5)	5 (1)	3 (2*)	1 (2*)	3* (2*)								1 (1)	2 (3)
Lyrice				4*	3*								1	3
Vekting	x2	x2	x2	x2	x2	x2	x2	x3	x3	x3	x1	x4	x4	x4

1= sterk auke

2= gradvis auke

3= inga endring

4= gradvis nedgang

5= sterk nedgang

*= visar at det er snakk om svært små tal

Vekting av kjeldene

Informasjonskjeldene blir kategorisert og vekta avhengig av kor pålitelege dei er i høve til å indikera rusbruk og tilgang.

Størst vekt (gonger fire) er gjeve alkoholsal frå Vinmonopolet og informasjon frå nøkkelinformantar. Desse data gjev relativt gode indikasjonar på faktisk bruk og tilgang.

Nest størst vekt (gonger tre) er gjeve salsdata for alkohol frå daglegvarebutikkane.

Medium vekt (gonger to) er gjeve Tollvesenet sine beslagsdata, alkoholsal frå utestadane og salstal frå apoteka.

Minst vekt (gonger ein) er gjeve media og låge førekomstar av funn, uavhengig av kjeldeopphav (dette gjeld dei som er markert med stjerne i tabellen).

Endringane me gjengir, er første periode (oktober 2013 - mars 2014) samanlikna med den siste perioden (april – september 2014).

Analysetablellane inneheld verdiar på ein skala frå 1 til 5, og tala angir ulike tendensar for kvart rusmiddel i løpet av de siste seks månadane.

Samandrag av trendverdiar - ikkje vekta og vekta for spesifikke rusmiddel

For å identifisera forskjellige mønster blant dei forskjellige rusmiddel, samanfattar tabellen nedanfor verdiane når dei ikkje er vekta og etter at dei er vekta.

Tabell 2: Samandrag av verdiar

	Ikkje vekta					vekta					sum		DIFFERANSE
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	pluss	minus	
Alkohol	4	3	2		2	11	10	6		3	32	6	26
Cannabis	1	3			1	2	6			4	10	8	2
Synt. cannab.			2	2				5	5		0	5	-5
LSD		1	1				1	1			1	0	1
Amfetamin/Metamf	1	1	1	1	1	4	1	4	1	2	9	5	4
Kokain		2	1				5	4			5	0	5
Ecstasy		2	1	1	1		5	4	1	2	5	5	0
Heroin	1	1	1			4	4	1			12	0	12
Subutex			6	1				14	1		0	1	-1
Suboxone		1	2	1	1		2	8	2	2	2	6	-4
Metadon			6					15			0	0	0
Temgesic	2	1	2			4	2	2			10	0	10
Dolcontin		1	2	2			2	8	4		2	4	-2
Dopingmidlar			4	1				11	1		0	1	-1
GHB/GBL			4					4			0	0	0
Rivotril	1	1	4	2		4	1	8	4		9	4	5
Valium		1	5	1			4	11	1		4	1	3
Vival			5					11			0	0	0
Sobril		1	4	1	1		4	10	1	2	4	5	-1
Stesolid		1	2	2			1	6	4		1	4	-3
Flunitrazepam		2	2	1	1		2	5	1	2	2	5	-3
Xanor	3	1	2		1	8	4	3		2	20	4	16
Lyrca	1		2	1		4		5	1		8	1	7

Utrekning av differanse

Differansen for kvart rusmiddel baserar me på ei summering av positive og negative verdiar. Me ser altså på 1'arane og 2'arane, som indikerar ei auke (positive verdiar), i høve til 4'arane og 5'arane, som indikerar ein nedgang (negative verdiar).

Hjartans takk til

- Alle i trendpanelet
- Bergensklinikkene
- Vitusapotek Leirvik
- Apotek 1 Stord
- Apotek 1 Heiane
- Rema 1000 Heiane
- Rema 1000 Bjelland
- Matkroken
- Vinmonopolet
- Politiet på Stord
- Tilsette diverse einingar i Stord kommune og NAV
- Tollvesenet
- Utestadane Samson, Frugård og Osvald

Litteratur

Berger, C. og Staveland-Sæter, J.H. (01/2014): *Føre Var: Kartlegging av rustrendar i Stord kommune*

Mounteney, J. og Leirvåg, S.-E. (2007): *Føre Var: Kartlegging av rustrender, Manual*. Stiftelsen Bergensklinikkene

Røed Bilgrei, O og Bretteville-Jensen, A.L. (2013): *Syntetiske cannabinoider. Nettbasert marked og en virtuell ruskultur*, SIRUS-rapport nr. 2/2013, Statens institutt for rusmiddelforskning.

Øiseth, O.V., Kjeldsen, T., Sundvoll, A. (2008): *Illustrert informasjonsmateriale om narkotika, alkohol og doping*, Norsk Narkotikapolitiforening, 5. utg.

www.fhi.no

www.felleskatalogen.no

www.sirus.no